



IAData

Fibermøte på Dølehall

Fredag 08.08.2008 kl. 18.00

Kjære deg på Dølemo eller i omegn!

Som dykk sikkert er klar over skjer det nå ei stor utbygging av fiber i heile Åmli kommune. At dette og skjer i Åmli vert lagt merke til av sentrale myndigheter og til og med i EU. Prosjektet er svært unikt.

Legginga av fiberen skjer fyrst frå Åmli sentral til Nelaug, men så skal strekket frå Åmli – Dølemo – Tovdal gjennomførast. Dette betyr at alle bør tenke på om dykk skal sikre dykk framtidens teknologi nå.

”Kva vil fiber bety for meg?”

- Svært raskt internett.
- Mulighet til å i større grad styre sin eigen TV-kvardag
- Fasttelefon med gratis samtalekostnader til andre fasttelefonar innan Norden.
- Alt frå ein leverandør (Altibox – Lyse Energi)
- Eit sikkert nett mot overspenningar
- 5% verdiauke av egedomen i snitt
- Ei meir attraktiv bygd å bu i.

Eg veit at kostnadane med å etablere ein fiberteneste vil vere lågast når hovedutbygginga nå skjer, så det er liten grunn til å vente. Det er altså viktig at dykk snakkar med naboar/familie om fiber, slik at flest mulig får sjans til å knytte seg til før prisen vert høgare (Når utbygginga er ferdig)

Møtet vil vere eit enkelt ”Spørsmål og svar” møte med gjennomgang av kontrakt, samt evt underteikning av denne. (Varighet ca 1 time?)

Ingen servering – **VELKOMMEN**

Olav E. Føreland

IAData